



Hordaland fylkeskommune
Endre Korsøyen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/199 - 16/1447

Saksbehandlar:

Jostein Klette

jostein.klette@osteroy.kommune.no

Dato:

21.01.2016

Vurdering av område for akvakultur i kommuneplankartet - Osterøy kommune

Viser til møte på torsdag 14. januar om godkjenning av søknad om tiltak på lokalitetene Angelskår og Tepstad og tilhøve til akvakulturlova og kommuneplanen sin arealdel (KPA) for Osterøy kommune.

Bakgrunnen for møtet er tidlegare uttale frå kommunen i samband med søknad om dispensasjon for tiltak på lokalitetene og kommunen sitt ønskje om å utsetje handsaming av søknadane på bakgrunn av pågåande planarbeid med ny Kommunedelplan for Sjø- og strandsone.

Tiltakshavar ønskjer ei endring på lokalitet Tepstad for betre tilpassing av drift, medan på lokalitet Angelskår er det snakk om oppføring av nytt anlegg ettersom det eksisterande anlegget havarerte i storm ei tid tilbake.

Fylkeskommunen har informert kommunen om utfordringane det medfører å avvente handsaming av den pågåande planprosessen ettersom det er sterke ønskje om å få sette ut fisk i anlegget i februar.

I møtet viste sakshandsamar i fylkeskommunen til at hovudføremål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag...*» (sosikode 6001) opnar for alle underføremål under kategorien *Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone*, mellom anna akvakultur, dersom ikkje anna avgrensing er sett i føresegn til KPA. På bakgrunn av denne tolkinga meinte sakshandsamar i fylkeskommunen at det kunne gjevast løyve til forankring utan søknad om dispensasjon sjølv om delar av tiltaket, forankring, skulle kome utfor føremålsgrense for akvakultur. Det er sakshandsamar i fylkeskommunen sin påstand at det aktuelle tiltaket vil vera i samsvar med gjeldande KPA (planID 12532010001).

Kommunen vurderer det slik:

Dersom det skulle stemme at i hovudføremål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag...*» er opna for alle underføremål vil det bety at det i dette føremålet, som utgjør mesteparten av sjøarealet til kommunen, kan etablerast akvakulturanlegg utan at kommunen skal ha styringsrett over arealbruk som plan og bygningsmynde.

Det er kommunen sin påstand at kommuneplanen ikkje opnar for alle underføremål under «*Bruk og vern av sjø og vassdrag*».

Post

post@osteroy.kommune.no
Dokumentsenteret
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto

Org.nr. 864.338.712

Plan og bygningslova (pbl) har fleire vilkår som må vera oppfylt før det i planen vert opna for tiltak:

- 1) Det er i pbl krav til å utgreie konsekvensar for endringar i areal (konsekvensutgreiing) og til å gjennomføre ei risiko- og tryggleiksvurdering (ROS) for alle enkelttiltak, jf. §§ 4-2 og 4-3. Dette er ikkje gjennomført for føremål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag ...*». Vilkåra for å opne for arealbruk i dette føremålet er difor ikkje oppfylt. Slik kommune ser det må dette gjennomførast før ein kan opne for mellom anna akvakultur i nemnde føremål.
- 2) Det er klåre krav til medverknad og deltaking i pbl, jf §§ 1-1 og 5-2. Det er her krav til at kommunen skal sikre at regionale styresmakter skal kunne ivareta sine interesser og at det skal leggest til rette for medverknad for alle grupper . Dette er ikkje gjennomført for føremål når det gjeld akvakultur. Etablering av anlegg til akvakultur er difor i strid med pbl på dette punktet.
- 3) Det er for akvakultur ikkje krav til reguleringsplan. Eit av vilkåra for at det skal kunne opnast for eit tiltak utan reguleringsplan er at det er avklara i ein overordna plan. På bakgrunn av at det ikkje er gjennomført ein planprosess for føremål akvakultur under hovudføremålet og at dermed utgreiingskrava nemnd i punkt 1) ikkje er oppfylt er det kommunen si vurdering at tiltak for akvakultur i føremål «*Bruk og vern av sjø og vassdrag...*» må vurderast opp mot krav om reguleringsplan i § 12-1 dersom det skal opnast tiltak utanføre areal avsett til akvakulturføremål.

Med bakgrunn i dette er det kommunen si vurdering at planen ikkje opnar for underføremål akvakultur eller andre underføremål før nemnte vilkår i plan- og bygningslova er oppfylt.

Dersom det skal opnast for tiltak utanfor område avsett til føremål akvakultur må dette vurderast i ein planprosess eller det må søkast om dispensasjon. Ein søknad om dispensasjon vil måtte vurderast opp mot planprosess for ny kommunedelplan for sjø- og strandsona.

Med helsing

Laura Ve
seksjonsleiar Plan

Jostein Klette
planleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Postboks 7310
Postboks 7900

5020
5020

BERGEN
BERGEN

Mottakar:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN